

Busk, div.  
tegn.

Sak  
Kulturutvalget for Hallingdal.  
Prosjekt. Forhistorie.

Dok.nr.	Dato	Dokument (type, tittel)	Merknader
	1984		

# NORSK LOKALHISTORISK INSTITUTT

KONTOR: RIKSARKIVBYGNINGEN, FOLKE BERNADOTTES VEI 21, OSLO 8  
POSTADR.: POSTBOKS 38 KRINGSJÅ, OSLO 8  
TELEFON: (02) 23 74 80

Kåre Olav Solhjell

3550 G O L

JNR.  
256/82

DATO  
21.4.82

## Den eldre historia for Hallingdal

Takk for sist. Som avtalt på møtet 15.april har vi sett opp ein plan for arbeidet med Hallingdalssoga fram til ca.1700. Planen har tre hovudbolkar. Den første gjeld det førebuaende arbeidet med kjeldeinnsamling og registrering, den andre gir eit døme på korleis sjølve boka (bøkene) kan vera disponert, og den tredje gjeld tilhøvet mellom dette prosjektet og folket i Hallingdal, både medan arbeidet pågår og seinare.

### I. Det førebuaende arbeidet.

#### 1. Arkeologisk registrering (gjeld tida før ca.1500).

For den søre delen av dalen ligg det alt føre eit arbeid som supplerer registreringane i samband med utarbeidinga av det økonomiske kartverket. Men dette kartverket femner ikkje om høgfjellet, og i den nordlege delen av dalføret er det ikkje gjort tilleggsregistreringar. Vidare finst det funngrupper som arkeologane ikkje har teke med i sine registreringar.

Ei grundig registrering kan ein berre få ved samarbeid mellom lokalkjende folk og fagfolk. Mest praktisk vil det vera om ein kunne få grendemenn til å gjera ei første synfaring i kvar sine område, med hjelp frå andre lokalkjende folk. Deretter kunne ein få ein arkeolog til å sjå på i det minste ein del av lokalitetane.

#### 2. Registrering av faste kulturminne (gjeld tida frå ca. 1500 til ut på 1700-talet).

Denne registreringa kan gjerast saman med den arkeologiske, i samarbeid med styraren ved det lokale museet eller

med fylkeskonservatoren. NLI har utarbeid eit registreringsskjema (vedlagt) som med visse endringar bør kunne nyttast.

3. Innsamling av stadnamn.

Arbeidet må gjerast i samråd med Institutt for namnegransking, Oslo, og/eller Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen.

4. Opplæring av registratorar.

Til å utføre det arbeidet som er nemnt i pkt.1-3 ovanfor trengs det mange interesserte og lokalkjende folk. På same tid er det viktig at arbeidet blir gjort etter dei same retningslinene i heile dalføret. Registratorane bør derfor samlast til eit 1-dags kurs, der ein arkeolog (pkt.1) og ein namnegranskar (pkt.3), truleg og ein historikar eller etnolog (pkt.2, gjerne ein av medlemene i nemnda), held stutte innleiingar. Det meste av tida må brukast til å gjennomgå heilt konkret korleis ein skal gå fram i arbeidet og korleis dei ulike registreringsskjema skal fyllast ut.

5. Førebels publikasjonar.

Det er arbeid i gang med å førebu utgjeving av både fornminneregistreringar og diplomsamling, to kjelde-typer som vil vera sentrale i det vidare arbeidet. Til stor nytte ville det og vera om ein kunne få hovudfagstudentar i ulike fag til å ta opp spesielle tema frå Hallingsdals eldre historie. Gjennom sine kontaktar med arkeolog- og historikarmiljø, og med stadnamn-granskarar, bør nemnda freiste å stimulere studentar til å velje oppgåver med Hallingdal eller deler av Hallingdal som geografisk ramme. I samband med dette kan det bli aktuelt med t.d. utgravingar, pollenanalytiske undersøkingar, radiologisk datering osv. Nemnda kan ta på seg å gi ut hovudoppgåver. I alle fall vil slike arbeid gi kunnskarar som kjem til nytte når Hallingdals-historia skal skrivast.

6. Innsamling av skriftlege kjelder fram til ca.1700.

Det skriftlege kjeldematerialet frå mellomalderen ligg føre i diplomsamlinga. Det meste av anna 1500-talsmateriale er prenta i eldre kjeldeskrifter, som ein lyt skaffe seg oversyn over. Frå slutten av 1500-talet og framover inneheld Riksarkivet og Statsarkivet ei aukande mengd uprenta materiale. Dette får ein kjøpt kopiar av, anten xerox eller mikrofilm. Utover på 1600-talet blir arkivkjeldene såpass rikholdige at ein bør gjera eit utval, etter fagleg vurdering i samråd med ein historikar. Denne innsamlinga (kopieringa) bør og omfatte dokument i privat eige.

7. Nemnda bør arbeide for at kjeldesamlingane etter tidlegare bygdebokarbeid i ymse bygder blir stilte til disposisjon for det nye tiltaket, ved lån, kjøp eller gåve.

II. Disposisjon av framstillinga. Ein førehandsdisposisjon må bli grov, og må justerast etter kvart som førebuande arbeid og skrivning går framover, og kunnskapane veks. Det er likevel liten tvil om at ein bør velje ei kronologisk framstillingsform frå den eldste tida og framover. Innafor denne ramma bør ein legge vekt på å få fram dei utviklingslinene som ein ser er viktige for dalføret som ein heilskap, på same tid som dei karakteristiske lokale variasjonane må koma fram.

Periode-inndelinga er og noko uviss. Det er langt frå visst at dei tradisjonelle "merkelappane" eldre og yngre steinalder, bronsealder osv. er føremålstenlege. Arbeidet med kjeldene vil avgjera kva for ei inndeling som vil vera mest naturleg. Avgjerande er dei endringane i økonomiske, sosiale og kulturelle tilhøve som forfattaren kan påvise.

Med atterhald om dette kan ein skissere følgjande plan for arbeidet:

1. Naturhistorisk innleiing som gjer greie for korleis topografi, jordsmonn osv. vart skapt. Vekt på grunnlaget for økonomisk utnytting av naturen (kvartærgeologi).
2. Dei første menneske. Lokalisering, næringsliv og samfunn. Deretter tidbolk for tidbolk fram til ca.900-1000 e.Kr., heile tida med vekt på å vise det karakteristiske for tida og området, korleis og kvar endringane skjedde (t.d. introduksjon av åkerbruk, faste jordbruksbustader).
3. Mellomalderen til ca.1350. Folkeauke, jordbruksekspansjon. Andre næringar, kombinasjonsbruk med jakt, fangst, fiske. Nye samfunnsmakter (konge og kyrkje), utbygging av lokal organisasjon. Kvardagen.
4. Seimellomalder og nyare tid til ca.1700 (kan bli to hovudkapittel). Nedgang og ny vokster. Næringsliv og samfunn. Aukande krav frå sentrale styresmakter. Hallingdal og omverda. Sosiale tilhøve. Dagleg liv.

Verket bør skrivast av ein eller to forfattarar.

III. Historieprosjektet og bygdefolket.

1. Det førebuande arbeidet. Her trengs det hjelp og innsats frå temmeleg mange menneske. Storparten vil vera vaksne eller eldre, som frå før er opptekne av lokalhistorie, men ein kan og engasjere ungdom, t.d. i

samarbeid med lærarar. Samarbeid mellom den yngre og den eldre generasjonen kan vera fruktbart.

For å motivere folk må nemnda gå aktivt ut med informasjon om heile tiltaket, og om delar av det, serleg registreringsarbeidet. Registrator-kurset (-kursa) blir viktig(e). Dei som deltar kan seinare hjelpe andre interesserte til rettes.

Eit eller fleire møte, før arbeidet blir sett i gang og seinare, vil gjera ein vidare krins merksam på tiltaket, også gjennom presse-omtale. Desse møta bør ha eit innhald som kan bli verdsett også av folk som ikkje er spesielt interesserte i lokalhistorie, gjerne med ekskursionar.

2. Bokverket. Arbeidet skal sjølvsagt vera fagleg forsvarleg, men nemnda bør syte for at forfattarane stadig har publikum i tankane. Arbeidet skal vera godt leseleg for alle interesserte. Det er viktig å legge stor vekt på illustrasjonsmaterialet.
3. Når arbeidet er avslutta, bør det kjeldematerialet som er samla inn vera tilgjengeleg for alle. Eit slikt lokal- eller regionalarkiv vil kunne stimulere den lokalhistoriske interessa i dalen, og bør utbyggast vidare for dei siste hundreåra.

Vi ønskjer nemnda lykke til i arbeidet framover.

Venleg helsing

  
Rolf Fladby

  
Harald Winge

1 vedl.

LEDIG JOBB!

Timelønnet konsulentvirksomhet

Hallingdal Fornminnenemnd (fylkesoppnevnt)  
søker

Konsulent/foredragsholder

i forbindelse med forberedelse av arkeologiske undersøkelser i Hallingdal. Materialet skal endelig benyttes i en fremstilling av Hallingdals eldste historie (før 1500).

Sommeren 1984 skal det foregå en del foreløpig registrering ved lokalkjente folk. Disse skal gis et 1-dagskurs lørdag 16. juni.

Nemnda vil snarest og senest 25/5 ha kontakt med interesserte som kan avholde dette kurset og dernest utarbeide forprosjekt til de nevnte undersøkelser.

Honorar for kurset innklusivt rimelig tid til forberedelse samt reiseutgifter, dekkes etter regulativ. Det øvrige arbeid vil bli lønnet på timelønnsbasis.

Kontakt til nemndas styrer:

Ola Ellingsgard, Ål tlf. 067/84667 (evt. Kåre Olav Solhjell, Gol tlf. 067/77614). Nærmere opplysninger hos Helge Braathen, (Vegplanavdelingen).

NOTAT OM KONFERANSE MED REPRESENTANTER FOR KULTURUTVALET I  
HALLINGDALSREGIONEN, 4. MAI 1984.

I konferansen deltok:

Bonde Ola Ellingsgard, 3570 Ål  
Sokneprest Frank Kolberg, 3540 Nesbyen  
Kåre Olav Solhjell, 3550 Gol  
Roar Sveum, 3532 Flå  
Stud.mag.art. Per Hørnæs og underteknete.

Bakgrunn for konferansen framgår av vedlagte brev fra Ola Ellingsgard. Grunnet utforutsette omstendigheter, var første-konservator Arne Emil Christensen forhindret fra å delta, og underteknete ble bedt om å lede møtet.

Utsendingene fra Kulturutvalet i Hallingdalsregionen redegjorde for planene, og anmodet Oldsaksamlingen om bistand.

Vi diskuterte et opplegg for gjennomføring av planene, og jeg framla et forslag om at Utvalget engasjerte en kontaktperson/konsulent/foredragsholder på timelønnsbasis.

Derpå ble det lagd en "utlysning" av et slik engasjement, og hengt opp på Oldsaksamlingen.

Oslo, den 4. juni 1984



Helge Braathen

OLDSAKSAMLINGEN	
J.nr. 000894	11 APR 84
SAKSB. AEC	ARK.Nr.

Ål den 7. april 1984.

Universitetets Oldsaksamling  
Fredriks gt. 2 - 3  
0164 Oslo 1.

Kulturutvalet i Hallingdals-regionen har i nokre år arbeidd med planer for å få i gang eit forskningsarbeid som kunne kaste meir lys over den eldste historia for dalen.

✓ Kjeldene er fatige, både frå jernalder og mellomalder, og skriv seg so å seia berre frå tilfeldige funn. Lite og inkje er gjort av systematisk leiting og vetskaplege undersøkingar.

Eit unnatak er det som har vore granska langs vassdraga i høg-fjellet. Her er gjort oppsiktsvekkande funn av spor etter steinaldermenneske. Men det er langt og tåkut mellom steinalderkulturane og fast busetnad. Mellom veidemann og bonde.

Likevel har me nettopp frå denne perioden grunn til å rekne med at jorda i Hallingdal gøymer mykje verdfullt kjeldestoff. Me har ei mengd fangstanlegg i skog og fjell, og spor etter jarnvinne i stort omfang. I høg-fjellet er det ogso fleire gåtefulle, runde og ovale tufter.

:/: Nemnda som har arbeidd med saka har vore i kontakt med Norsk Lokalhistorisk Institutt, og fått vedlagde skisse til eit opplegg. Av dei mange punkt i skissa meiner nemnda at ein no i fyrste rekke bør tenke på arkeologien. Difor vender me oss med dette til Universitetets Oldsaksamling, for å få solid fagrettleiing frå fyrste stund.

Vårt fyrste spørsmål er om U.O. kan ta imot nokre av arbeidsnemnda til ein samtale, der me kunne få drøfte m. a.:

1. Oppløying av fornminne. I førebuingssfasen, medan me ventar på politikanane og løyvingane, kunne me tenke oss å satse ein del på oppløying/oppspørring av lokalitetar som kunne bli aktuelle å granske. Ei slags førebels registrering med kartfesting, oppmåling og ev. fotografering, slik at arkeologane seinare kunne velge ut det som måtte vera verdt å sjå nøyare på, og soleis spare mykje tid med leiting.

Til dette ville me ha bruk for hjelp frå U.O. Kanskje med eit



kurs, om ein kunne kalle det so, der eit par personar frå kvar kommune fekk instruksjon. Kanskje det kunne nyttast eit spesielt skjema for føremålet.

2. Kva typer fornminne som burde leggst vekt på, eller kva område som særleg burde undersøkast.
3. Framdriftsplan og økonomi.

Me ville gjerne koma snart i gang, for å få nytte noko av komande sumar. For vår del kunne det høve framifrå å få tale med dykk 2. eller 3. mai. Eg skal få lov å ringe inn til dykk like etter påske, 24. eller 25.april

Siste sumar hadde underskrivne kontakt med amanuensis Inge Lindblom, då han registrerte her for "Samla plan". Eg nemnde ein del interessante lokalitetar her i fjellet for han, og han sa seg villig til å prøve koma tilbake og sjå på dei etter at "Samla plan" var unnagjort. Av seinare brev forstod eg det slik at han hadde grønt lys frå U.O. for ein slik tur, og at han tok sikte på forsumaren 1984. Dette nemner eg med tanke på at det kanskje kunne koblast saman med det som er skrive om ovanfor.

I alle høve har me fyrst og fremst bruk for å få ein samtale med museets folk, og er mykje takksame om det kunne bli høve til det.

For fornminnenemnda

*Ola Ellingsgaard.*

3570 Ål.

Tlf. 067 84667.